

# Mandat

## Regionalt nettverk for risikostyring i Helse Vest

---

### Bakgrunn

I desember 2020 starta arbeidet med å revidere eksisterande *Retningslinjer for Risikostyring*. Retningslinjene er no delt opp i to dokument; Prinsipp og Retningslinjer. *Prinsipp for risikostyring i Helse Vest* vil vere overordna og ei regional forankring der man forpliktar seg til å drive risikostyring etter anerkjente standarar. *Retningslinjer for Risikostyring* er prosessretta og gjer ikkje føringar på kva område ein skal drive risikostyring på. Dei skal bidra til lik metodikk med omsyn til risikostyring.

I etterkant av utarbeidinga av dei nye retningslinjene for risikostyring er det behov for ei regional nettverksgruppe. Nettverksgruppa skal bidra til økt kompetanse og erfaringsutveksling omkring risikostyring. Evaluering, revidering og vedlikehald av dokumenta vil inngå som eit sentralt ansvar for nettverket.

### Mål

Eit felles samarbeid omkring kompetanse, erfaring og utvikling av risikostyring på tvers av alle føretak som sikrar kontinuerlig forbetring.

### Ansvar og oppgåver

For nettverket gjeld følgjande mandat:

- Evaluering og revidering av eksisterande retningslinjer som fører til gevinstrealisering
  - Dokumentkontroll for gjeldande retningslinjer
- Identifisere og foreslå kompetansehevande tiltak innanfor for risikostyring i Helse Vest
  - Bidra i utarbeiding og vedlikehald av e-læringskurs
  - Utarbeide en verktøykasse med utval av metodikkar som kan nyttast i risikostyring
- Styrke erfaringsutvekslinga omkring risikostyring i Helse Vest
  - Finne en hensiktsmessig måte å samarbeide med regional- og lokal arbeidsgrupper for felles risikoområder initiert frå HV som bidrar til erfaringsutveksling og læring på tvers
  - Innhente erfaringar med bruk av regionale retningslinjer for risikostyring som grunnlag for revidering og utvikling

- Referansegruppe i oppdraget med å ta i bruk eit egna verktøy for risikostyring

### Samansetning

Minst eit medlem frå alle verksemdene i føretaksgruppa med fagleg kunnskap omkring risikostyring. Samansetjinga av nettverket skal sikre god forankring med leiarskapen i føretaksgruppa.

### Rapportering

Nettverket rapporterar til direktørmøtet.

I tillegg rapporterer det enkelte medlem i linja i verksemda.

### Organisering og arbeidsform

Sekretariatsfunksjon blir ivareteken av RHF.

Elektroniske møter halvårlig og elles etter behov.